

Gethestader - Gjeistad (gnr. 186-187)

Gethestader: Gardnamn der – etter prof. O. Rygh – 1. leden av namnet truleg er eit tidlegare nytta mannsnamn Geister eller Geisti. Namn av same rot er truleg gardnamn Gjestad i Ullensaker, Gjeitestad i Fyresdal og Gjeistad i Aura. Mannsnamnet Geiter skal og vera kjent frå Island. Skrivemåten av namnet har i Fåberg vore svært ustø gjennom tidene. Det har svinga mellom Gethestader, Gjettestad, Geitstad, Gietstad, Jetestad, Gjeistad og Jeistad. Her vel vi å nytte den før brukte skriveforma Gjeistad. Den er historisk kjenneleg og blir uttala som uttalen til vanleg er i bygdemålet: Jeistad.

Frå her på øvre Gjeistad er eit av dei største fornfunn i Fåberg. Det er eit gravfunn frå yngre jernalder, og gravgodset var m.a. eit ein-egga sverd, økseblad, skoldbule, knivblad, saks, ljåblad, sigdblade, munnbitt, rangle, hovbeslag, alt i jern, dessutan botnen av eit kleberkar, som kan vera frå førhistorisk tid. Funnet er registrert, og sakene er framleis å få sjå i Etnografisk Museum, Oslo.

Det eldste ein finn garden Gethestader nemnt i skrivne kjelder er i eit diplom frå 1442. Det var da biskop Olav av Bergen og bror hans hr. Benkt Harniktsson skifta den store arven i jordegods etter foreldra sine. Blant dei 8 Fåberg-gardane som biskop Olav tok ut som ein del av sin arv, var og Gjeistad. Det er der gardnamnet er skrive Gethestader. Eigedomretten til desse gardane kom dermed på utanbygds hender og vart der i kortare eller lenger tid. Da Lars Narvesen i året 1724 kjøpte eigedomretten til "Sørhoven" heimatt til garden, er det særskilt nemnt at "Gietstad" av skyld 1 ½ skinn var med i handelen.

Av eit pantebrev frå 1738 går det tydeleg fram at Gjeistad da var eit Nedre og eit Øvre. Dette pantebrevet, som og fortel meir om gardane, har i ei utskrift av tingboka denne ordlyden:

"Gietestad nedre.

Pantebrev dat. 14. april 1738 tgl. 18. juni så.

Peder Larsen Sør Hoven i Fåberg prestegjeld er skyldig 100 rd. til sin bror Lars Larsen Giettestad, som han hos ham har deponert på de vilkår at han derimot til bruk og beboelse har overdraget Lars Larsen en under sin eiende gård Sør Hoven liggende plads Nedre Gietestad kaldet av 1 ½ skinds skyld med bøxel, hvilken plads som den nue er Lars Larsen og hustru Gunnild Rasmusdatter istedenfor renterne av de 100 rd. må nyde bruke og beholde deres livs tid."

Da dette pantebrevet vart skrive, budde elles Peder Larsen og kona Anne Larsdr. sjølve på Gjeistad øvre, der dei og baa døde. Av eit skifte i 1744 går det såleis fram at skiftet vart helde på "Gjeitstad i Faaberg", og at jordegodset Gjeitstad av skyld 1 ½ skinn vart taksert for 100 rd. Arvingane ved skiftet var da einast borna etter Peder Larsen og hustru Anne Larsdr., og dei 5 borna var: Ingebor 20 år, Giertrud 19 år, Nils 17 år, Mari 15 år og Anne 7 år. Mor deira, Anne Larsdr., hadde da vore oppattgift med Torger Kristensen Ensby, men dette ekteskapet vart ganske kort. Det vart da sonen Nils Pedersen, som hadde åsetesretten til garden, som skulle overta Gjeistad øvre. Om dette fortel skjøtet hans av 1754 slik:

"Giettestad øvre.

Skjøte dat. 13. april 1754 tgl. 18. juni s.å.

Torger Christensen Giettestad på egne og sine myndlingar Anne Pedersdr., og Martha Torgeirsdr.s vegne, Inger Pedersdr. med mann Christen Nilsen Sundgaardseier, Jertru Pedersdr. med mann Peder Olsen Sandvadet og Mari Pedersdr. med mann Peder Johansen ved Sørhoven bekjentgjør, da skiftene efter deres foreldre Peder Larsen og Anne Larsdr. i årene 1740 og 1744 blev holdt, blev gårdepladsen Øvre Giettestad som deres foreldres

eiendom tatt til inntekt og ansat for 100 rd. men på grund av stor gjeld blev gårdepladsen utlagt til kreditorerne neml. på første skifte til Erich Smestad og på siste til Ole Lien for 100 rd. som siden av Torger Christensen (som er barnas stefar) er utlagt og godset dermed innfriet. Nu selger Torger Christensen til eldste søn Niels Pedersen som er åsetesberettiget til gården, gårdepladsen Giettestad av skyld 1 ½ skind for sum 100 rd. Han har å svare føderåd til sin stefar.”

Skjøtet gir elles eit tiltalende inntrykk av at det måtte vera eit greitt og godt samlivstilhøve mellom verfar og born der på Gjeistad øvre.

Nils Pedersen Gjeitstad som da tok over garden, var gift med Guri Thomasdr. Skjeggestad, og dei fekk 7 born. Det var: a. Per f. 1755, død 1822, sinnssjuk, b. Anne f. 1752, død 1771, c. Thomas f. 1760, d. Mari f. 1762, e. Kari f. 1764, f. Sønnøv f. 1767, g. Erik f. 1772, død 1773. I 1768 var det brukarskifte på nedre ”Giettestad”, som namnet framleis er skrive. Lars Larsen d.y. og kona hans, Sønnøv Pedersdr. fekk da bygselseddel ”for begge levetid” frå lensmann i Gausdal Poul Simensen Midtvold, som da også åtte Sør-Hove nedre, ”på en hans eiende og tilhørende plads kaldet Giettestad beliggende under gården Sørhoven (nedre) i Fåberg prestegjeld, mot at denne betaler i årlig avgift 10 rd.”

Frå året før er elles ei sak om grenser og gjerder mellom Gjeistad-gardane. Saka var ført på vartinget i 1767, og er i utskrift referert slik:

”Giettestad Nedre.

Fåberg 30. april 1767.

Åstedssak anlagt av lensmann Poul Simensen Wold kontra Erich og Niels Sørhoven samt Niels Giettestad ang. et oppbrudt åkerland i en såkalt lille Hauge ved ødegr. Nedre Giettestad. Partene blev i rettens nærværelse således forenede at den såkaldte Lille Hauge blev delt mellem dem og delestederne fastsatt ved behørige og uryggelige delemarker, hvorefter gjerder skal opføres til evindelig og ubrødelig efterretning på begge sider.

Niels Pedersen Giettestad betaler citanten lensmann Poul Simensen 26 rd. til omkostningernes erstatning. Desuten betaler Poul Simensen og Niels Giettestad konduktørens kart og opmålingsforretning. Saken blev dermed ophevet.”

Ein merker seg at i 1768 var altså Nils Pedersen framleis brukar på øvre Gjeistad. Men fjorten år seinare gav han i 1782 skjøte til son sin Thomas Nilsen f. 1760 på Gjeistad øvre av skyld 1 ½ skn. For 198 rd. + føderåd til foreldra Nils Pedersen og Guri Thomasdr.

Tomas Nilsen, som da vart eigar av Gjeistad øvre, var gift to gonger, først med Anne Arnesdr., som døde etter to år, og så i sitt 2. ekteskap med Marte Pedersdr. Lilleberget, f. 1766. Dei fekk i samlivet sitt mange born. Det var: 1. Anne f. 1787, gift 1810 med Ole Syversen Nyhus v. Nordhove, 2. Peder f. 1790, gift 1825 med Ingeborg Larsdr. nedre Gjeistad, 3. Guri f. 1793, gift 1821 med Ole O. Hovemoen, Sæter, 4. Eli f. 1796 gift 1. gang 1817 med Ole Pedersen Husesletten, gift 2. gang 1819 med Lars Fr. Sundgården, Hovesveen, 5. Marte f. 1799, død 1801, 6. Marte f. 1802, død 11. desember 1816 ved drukning i Fåberg sund, 7. Sessel f. 1806 gift 1828 med Syver Olsen Bottom f. 1794, 8. Berte f. 1810 gift 1832 med Engebret Larsen Smerud f. 1798 Hovland.

I 1799 var det store forandringar på Nedre Gjeistad. Dotter til lensmann Poul Simensen, Anne Poulsdr., og mannen hennar, Lars Engebretsen Balberg, hadde kjøpt Gjeistad nedre og flytte dit, med ein stor barneflokk. I alt var det da 7 born. Det var: a. Martha Larsdr. 15 år, b. Anne Larsdr. 13 år, c. Ole Larsen 11 år, d. Poul Larsen 9 år, e. Ingeborg Larsdr. 6 år, f. Engebret Larsen 5 år, g. Mari Larsdr. 1 år.

Det oppretta skjøte ved handelen i 1799 har elles fleire detaljerte opplysningar som her kan vera av interesse. Her er ei utskrift av skjøtet:

”Skjøte.

Dat. 1799, novbr. 22. Tgl. 1799, novbr. 28. fra Poul Simensen Sørhoven til sin svigersøn Lars Engebretsen Balberg, som er g.m. Anne Poulsdtr. på nedre Giettestad av skyld 1 ½ skind med den nedre Ødegaard, halvdel av den lille Hauge ved Sørsveen, ene eiendomsskog i Haavemoen ned til Brevejen til hugst- og havnegang for sine kreaturer tillikemed de andre i sameien og videre i Moen samt sæterbolig på Rena ved Rena fiskevand for kjøpesum 793 rd. Selgeren forbeholder sig den Øvre Ødegaard med påstående huser til egen eiendom og rådighet.”

Men i 1819 var Lars Engebretsen på Gjeistad nedre død, og det vart atter store forandringar der.

Ved skiftet i samband med dødsfallet vart ”boets jordgods grdn. Gjeitstad” taksert for 500 rd., arvebuet utgjorde netto 824 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Anne Poulsdtr. dei da 9 borna i ekteskapet. Av dei var da Ole, Paul og Engebret myndige; Marte var gift med Ole Besserud, Anne med Kristen Jørstadmoen og Mari med Ole Gundersen; dei yngste: Arne, Christian og Ingeborg var ennå umyndige.

I mellomtida hadde på øvre Gjeistad Tomas Nilsen fått skjøte av Ole Arnesen Nordhaave på ”hjemseter-bolet med løkke og havnegang, som fra gammel tid har tilhørt Storsveen”, for sum 70 rd. Men i 1816 var husbonden på øvre Gjeistad død, og enka Marte Pedersdtr. gav i 1822 skjøte til sonen Peder Tomasen f. 1790.

Peder Tomasen vart i 1825 gift med Ingeborg Larsdtr. Gjeistad n. f. 1796, og dei fekk 9 born. Det var: Marit f. 1818, Peder f. 1820, Anne f. 1824, Tomas f. 1826, Lars f. 1828, Matias f. 1831, Simen f. 1833, Marte f. 1836 og Kristian f. 1839.

På Gjeistad nedre vart i 1850-åra fleire parsellar skylddelt frå og selde. I 1856 gav såleis Johannes Rasmusen skjøte til Ole Halvorsen Knuterud og hustru på eit stykke jord til ”Bebyggelse, Bosettelse og Bruk” og i 1858 selde Johannes Rasmusen også ein parsell til fargar Mathias Olsen. Året etter gav så i 1859 Johannes Rasmusen skjøte til Amund Christophersen på parsellen Gutuen for kjøpesum 200 spd. Etter atter to år selde så Johannes Rasmusen også hovudbruket Gjeistad nedre til Hans Sivertsen for sum 2600 spd.

Frå landbrukstellingane i 1865 er det om Gjeistad-gardane fortalt at det samla areal av åker, eng og sæterlykkjer i den tid var: på Gjeistad øvre: 96 mål, og av dette var 36 mål jord av 1. klasse, og på Gjeistad nedre: 126 mål med 54 mål av 1. klasse. Vidare er det samtidig opplyst at på Gjeistad nedre var buskapen i denne tid 2 hestar og 9 storfe, og det var om våren jorda 1 td. bygg, 5 tdr. blandkorn, og ca. 6 tdr. poteter. For øvre Gjeistad var dei tilsvarande tal: 2 hestar, 13 storfe, 10 sauer, 10 geiter, og det var jorda: ¼ td. rug, 1 ½ td. bygg, 5 tdr.

blandkorn, ¼ td. erter og 5 tdr. poteter, dertil er det oppgitt at det på Gjeistadøgarden var 2 kyr, 2 sauer, 1 geit og at dei i våronna hadde jorda 1 td. korn og 1 ½ td. poteter.

I 1886 kom så den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gardsnummer og bruksnummer og ny matrikkelskyld omrekna i mark og øre. Garden Gjeistad nedre vart da framleis matrikulert under gardsnr. 184 Stor-Hove, og var da 3 bruksnr. Det var: Gr.nr. 184, br.nr. 6 Gjeistad nedre av skyld 6,94 mark, der Hans Sivertsen framleis var eigar eller brukar, br.nr. 7 Gjeistad nedre, skyld 0,06 mark med Kristian Jakobsen Rundtom som eigar, og br.nr. 8 Gjeistad nedre av skyld 0,46 mark som Amund Kristoffersen framleis hadde. – Gjeistad øvre fekk derimot ved matrikuleringa i 1886 nytt gardsnr. 187 av samla skyld 4,98 mark, og det var da Peder Pedersen som åtte garden etter at han i 1871 hadde kjøpt den av Peder Tomassen Gjeistad.

Peder Pedersen hadde så Gjeistad øvre enda i 17 år. Da selde han i 1903 garden til Lars Simensen Lundhagen for kr. 3800 + føderåd av 5-årleg verdi kr. 1500. Samtidig gav og Lars Simensen Lundhagen føderåd til Peder Pedersen Gjeistad av gr.nr. 184 br.nr. 4 Rasmuringen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at på Gjeistad nedre hadde Ole og Andreas Korgen overtatt hovudbruket Gjeistad av skyld 6,94 mark. Tobias Kristiansen var eigar eller brukar av Gjeistad nedre, skyld 0,04 mark, og Karl Amundsen var eigar eller brukar av Gjeistad nedre, skyld 0,46 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det Simen Jeistad som var eigar og brukar av gr.nr. 187, br.nr. 1 med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 65 mål (da). Peder Jeistadhaugen hadde br.nr. 2 Jeistadhaugen med eit jordbruksareal på ca. 12mål, og Bernt Alseth var eigar og brukar av gr.nr. 184, br.nr. 6 med eit jordbruksareal på ca. 10 mål (da).